

# Folk og forsvar

Ordfører Tom Myrvold vil gjerne behalde tilgangskortet til kampflybasen.



«*Suksesskriteriet  
for eit godt samarbeid er at  
Forsvaret er transparent  
i det dei gjer*»

» - **Her skal dei byggje** doble jordvollar på fleire meter i høgda. Du får nokre assosiasjonar til ei tid og eit samfunn vi ikkje ønskjer å samanlikne oss med.

Tom Myrvold står ved sida av eit fleire kilometer langt piggrådgerde som omkransar Ørland hovudflystasjon. Høgre-ordføraren fortel om skolar, barnehagar og idrettsanlegg som blir bygde i rekordfart og eit næringsliv som skapar mange nye sivile arbeidsplassar. Myrvold meiner etableringa av kampflybasen på Ørland har kome kommunen til gode. Det er økonomisk vekst, fleire barnefamiljar som etablerer seg, og eit meir levande kulturliv som gradvis veks fram. Det er ingen som angrar på vedtaket om å gjere Ørland til base for dei nye kampflya i Forsvaret.

Ikkje som Myrvold er klar over.

Likevel kjem han med ei oppmoding til dei militære naboane i kommunen om å vere på tilbodssida i å fortelje og informere om kva som skjer på basen. Det kan hindre framtidige konflikter. Forsvaret kan risikere å innføre for strenge tryggleikstiltak slik at dei fjernar seg frå lokalsamfunnet, slik at det blir ein barriere mellom Forsvaret og sivile folk, meiner Myrvold.

- Suksesskriteriet for eit godt samarbeid er at Forsvaret er transparent i det dei gjer, seier Myrvold.

**Tryggleik** Overvakingskamera, piggrådgerde, fotoforbod og eit strengare tryggleiksregime kan vere «korrekte» tiltak. Det forstår ordføraren etter ein lang karriere i uniform. Myrvold meiner likevel at dei negative biverknadene

av å vere nabo til kampflybasen i Forsvaret må kompenseras, ikkje berre økonomisk.

Innløysing av bustader innanfor raud støysone, lydisolering av bustader i gul sone og kompensering av tapt matjord er sjølv sagt. Likevel er det noko Forsvaret må gjere og forstå for å føre vidare eit godt naboskap mellom folket på innsida og utsida av gjerdet.

- Forsvaret må skape legitimitet og forståing hos folk for den jobben dei er sette til å gjere; Dei må informere og gjere seg sjølve tilgjengelege.

- Basesjefen forstår det veldig godt. Likevel, frå å forstå det til å handle er vanskeleg, seier Myrvold.

- Forsvarsbygg har etablert seg utanfor gjerdet av basen. Kanskje det kan vere ein idé for Forsvaret også.

**Lærdomar.** Saman med eit lite reisefølgje av politikarar frå Ørland og Bjugn reiste Tom Myrvold til USA for å lære. Dei vitja flybasar for å sjå korleis militæret og lokalsamfunnet levde side om side. Det var gjort feilgrep som Myrvold seier kommunen og Forsvaret må unngå, men det var jamvel røymsler å hauste.

- «Rusty», ein tidlegare jagarflypilot på Luke Air Force Base, reiste rundt til ordførarar og fortalde om kva for planar dei hadde for flybasen. Han ville høyre kva for synspunkt dei hadde om korleis det kunne påverke sivilbefolkninga. Han var på fornamn med alle, og alle kjende «Rusty», seier Myrvold om James «Rusty» Mitchell som var tilsett av basen for å bidra til eit godt samarbeid mellom det militære og sivilsamfunnet.

### Tom Myrvold (47)

- Skild og tre barn
- Frå Trondheim, men har budd på Ørland sidan 2000
- Ordførar (H) i kommunen sidan 2015
- Spelar A-lagshandball for Ørland ballklubb



- Luftvingen må gjere som han, seier Myrvold.

- Når eit militærhelikopter plutsleg landar på utsida av basen utan at Forsvaret informerer på førehand eller forklarar kvifor i ettertid, da skapar det frustrasjon.

- *Kva med ein open dag på basen?*

- Det bør kome.

- Eg har likevel forståing for at det truleg ikkje skjer med det første.



**STENGSEL.** Ordfører Tom Myrvold fordrar Forsvaret om å gjere som Forsvarbygg; å etablere seg på utsida av gjerdene av Ørland flystasjon.



**egge sider.** Med lang fartstid i Luftforsvaret, er han blant anna var omstillingskoordinator i lytteprosessen frå Bodø til Ørland, kjenner ein tidlegare oberstløytnanten Forsvaret godt. Han har fleire utanlandsoperasjonar bak seg. Han var nestkommanderande i det norske helikopterbidraget i Meymaneh, som evakuerte ISAF-soldatar, afghanske tryggleiksstyrkar og sivile afghanarar. Myrvold er truleg ein av få ordførarar som kan vise til ei tryggleiksclare-

ring og eige tilgjengekort til kampflybasen.

Likevel er han først og fremst ein ombodsmann for folket i kommunen. Myrvold er oppteken av at interessene til innbuarane blir tekne vare på best mogleg måte, og at etableringa av kampflybasen blir ei gladhistorie både militært og sivilt.

– Blir du nemnd i Ørland-revyen og beheld tilgjengekortet ditt til basen, da har du gjort ein god jobb som ordfører.

– Det siste gjekk jo ikkje så bra for forgjengaren min, seier Myrvold som siktar til tidlegare ordfører i kommunen, Hallgeir Grøntvedt (Sp).

– Han fekk jo militærpolitiet på døra og blei fråteken tilgjengekortet til basen etter ein kran- gel med flystasjonssjefen.

**Les vår reportasje om F-35, side 16.**

ØYVIND FØRLAND OLSEN ofo@fofo.no  
FOTO: ROBERT EIK